



Business Region Bergen
Strandgaten 6
5013 BERGEN

Dato: 02.03.2016
Vår ref.: 2015/3081-12
Saksbehandlar: sirhans
Dykkar ref.:

Fylkesbudsjett 2016. Tildeling av kr 4 051 000,- i Næringsretta partnerskapsmidlar for 2016.

I fylkeskommunen sitt budsjett for 2016 er det sett av kr 15,983 mill kr på budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar». I tillegg blir det nytta kr 6,79 mill. kr av budsjettet i Handlingsplan for næringsutvikling i Hordaland (HNN 2016) til å støtte partnerar. Fordeling av støtte til partnerar som fekk fornya si støtte i 2015 og til nye partnerar blei handsama av fylkesutvalet 29.01.2016 (PS 8/2016). Her blei både årleg støttebeløp og kor mange år støtta skal gjelde for vedtatt. Totalt får 31 partnerar og utviklingsaktørar støtte frå fylkeskommunen i 2016. Den politiske saka finn de [her](#).

I fylkestinget 09.12.2014 blei det vedtatt at Business Region Bergen skulle få partnerskapsmidlar over budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar» ut i frå berekningsnøkkel basert på innbyggartal til medlemskommunane. Dette beløpet er i 2016 kr 4 051 000,-.

Fylkeskommunen har i Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020 fått ansvar for tiltaket om å utvikle eit større og meir synleg kontormiljø for regionale utviklingsaktørar i Bergen. Dette arbeidet er i gang og vil halde fram i 2016. Fylkeskommunen vil kontakte dykk om dette arbeidet.

Rapport på tildelte midlar i 2015 er godkjend og vil verte lagt fram for fylkesutvalet til orientering.

Midlane skal nyttast i tråd med gjeldande samarbeidsavtale datert 25.03.2015. Rapportering for 2016 skal skje i tråd med samarbeidsavtalen.

Utbetaling.

For utbetaling av tilskot må de sende ein elektronisk faktura(EHF) til Hordaland fylkeskommune. Dette kan gjerast på to måtar:

- 1) Opprett ein EHF-faktura i eige fakturasystem, og merk fakturaen med saksnummer og ressursnummer.
- 2) Opprett ein bruker og send EHF- faktura via fakturaportalen Basware SupplierPortal (gratis)
 - Link til fakturaportal på hordaland.no/tenester/tilskot
 - Link til brukarretteleiing på hordaland.no/tenester/tilskot

Ved bruk av portal skal saksnummeret nyttast som fakturanummer, og ressursnummer skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse.

Som mottakar av partnerskapsmidlar har de ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt partnerskapsmidlar skal betalast attende snarast.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane blir forvalta i samsvar med vilkåra for støtte frå fylkeskommunen. De pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjent med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson er:

Siri Hanson, telefon 55239286, e-post siri.hanson@hfk.no

Som partner ønskjer vi dykk lykke til arbeidet med å realisera mål, strategiar og prioriterte innsatsområde for næringsutvikling i Hordaland slik det går fram av vår samarbeidsavtale, dette tildelingsbrevet og HNH 2016.

Bård Sandal
Fylkesdirektør regional utvikling

Mette Nora Sætre
næringssjef

Kopi: - Regionalavdelinga v/økonomi: 10.160.308

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.